

Bjørn Egil Flø

Bygdedyret og elgen – ei stiavhengig analyse av næringsutvikling i elgskogen

Han er ein av dei største einskildgrunneigarane i grenda og formann i det lokale grunneigarlaget. Sjølv er han liten av vekst, ikkje vidare større enn meg og helsar frå kjøkenrappa med eit venleg smil og ei krus kaffi i handa. To viltre dachs og ein norsk grå helsar òg, kvar på sin måte. Eit kremt fortel dei at nok er nok og dei tuslar lydig over ganggolvet for å finne plassane sine.

Eg var komen for å gjere eit intervju om kommersialisering av elgjakta, eit tema som eg meiner har potensiale til å verte eit av dei nye stridstema i Bygde-Noreg. For når bønder og skogeigarar vert oppfordra frå høgaste hald til å gjere bygdekulturen om til næring er det grunn til å tru at endå dei mest sjølvmedvitne bygdefolka vil kjenne uroa gnage i mellomgolvet. Derfor spør eg i denne artikkelen om kommersialiseringa vil medføre sosiale eller kulturelle endringar i bygdesamfunna?

Ein instruks til grunneigarane

Landbruksmynde la på siste halvdel av 90-talet fram det som mesta kan kallast ein instruks til grunneigarane. Dei to stortingsmeldingane «Skogmeldinga» (St. meld. nr: 17, 1998–1999) og «Landbruks- og matmeldinga» (St. meld. nr: 19, 1999–2000) kjem båe med klåre oppfordringar til næringa om å utnytte vilt- og fiskeressursane betre. Landbruksminister og venstrestatsråd Sponheim via dette mykje merksemd i si periode som landbruksminister frå 2001–2005. Bønder og grunneigarar laut til å nytte «heile gardens ressurstilfang», let mantraet. Dei skulle lære seg til utmarksentreprenørar og byrje tene pengar på utmarka, og utleige av jakt og fiske stod sentralt i så høve.

Fyrste åra var det vanskeleg å få auge på konkrete endringar, men gløtta ein på dørar til grunneigarorganisasjonane såg ein at dei var i full gang med å legge tilhøva til rette for framtida.

Landbruks- og matmeldinga (St. meld. nr: 19, 1999–2000) påpeika serleg at landets utmarksareal for ein stor del var oppdelt i små eigedomar og dermed eigna seg dårleg som jakt- og fiskeområder. Det var dette grunneigarane var i ferd med å gjere noko med. Godt støtta opp av faglaga som kunne tilby fagleg kompetanse og rådgjeving om grunneigarorganisering, vart det på få år etablert meir enn 200 nye utmarkslag i landet. I tillegg vart fleire av dei alt eksisterande laga omorganisert og arrondert på måtar som passa betre det komande regimet. Grunneigarane sjølve danna altså nye samanslutningar og laga større samanhengande viltforvaltingsområder og jaktfelt. Dermed gjorde dei utmarka meir jakteffektiv og betre egna til næringsverksemd basert på viltressursane.

Samstundes som dei lokale grunneigarlaga førebudde seg i det stille, gjorde moderorganisasjonane framstøyt på det politiske planet. Norges Skog-eierforbund, saman med Reiselivsbedriftenes Landsforening, hyra nemleg inn eit konsulentfirma for å levere ei vurdering av inntekspotensialet som låg i kommersialiseringa av jakt og fiske. Tala dei kom opp med var svimlende. Ifylgje rapporten «Forprosjekt om Utvikling av utmarksbaserte reiselivsbedrifter» (Reiselivsbedriftenes Landsforening & Norges Skog-eierforbund, 2004) skal det vere mogleg å hente inn omlag 8 milliardar kroner frå sokalla utmarksbasert reiseliv kring om i den norske utmarka. Det skulle med andre ord vere mogleg å doble inntektene frå jakt og fiske i høve til 2003-tala.

Rapporten fekk dei eigedomslause jaktinteressene til å kvessa knivane. Representert ved Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) klargjorde dei seg til forsvar for ålmentas tilgong til «fornuftig prisa» jakt og fiske. Informasjonssjef Espen Farstad i NJFF gjekk høgt ut og kalla rapporten ei «*krigserklæring*» frå grunneigarane, «dette fortrengr den lokale jegeren» hevdar han til Aftenposten og framheld vidare at «Norges Skog-eierforbund gir blaffen i tradisjoner og norsk kultur» (Aftenposten, 29.11.2004).

Elgjakta – den lokale folkejakta

Sjolv er eg oppvaksen i havgapedet på det «elgfrie» nordvestlandet i den vesle bygda Flø på ytre sør Sunnmøre. Forutan sel og kval og ei og anna brukde var det ikkje snakk om storviltjakt der før i 1968 då eg vitna far min felle den fyrste hjorten i bygda. Likevel har elgjakta, for meg som for dei fleste jaktinteresserte unggutar, stått fram som sjølve Jakta. Denne myteomspunne jakta på dette nærast forhistorisk utsjåande dyret, har etablert seg som ein institusjon i vår jaktkultur og kan synast å representere noko av det norskaste norske. Nett denne tunge mytiske bora som elgjakta ber på var noko av hovudgrun-

nen for å velje ei sokalla «elgbygd» som studieområde. Eg ville undersøkje kva som skjer i eit bygdesamfunn når ei gruppe grunneigarar ønskjer å oppfylle instruksane frå landbruksministrane og selje bygdekulturen på den opne marknaden.


Ein nylaga tradisjon

Ein skulle tru eit så pass tungt forankra kulturelt fenomen som elgjakta hadde lange historiske røter i bygdene. Men strengt tatt kan elgjakta seiast einast å ha knappe 30 års historie som ein folkeleg aktivitet i bygdene. Slik me kjenner den i dag, har den langt sterkare kulturelle band enn det den relativt korte historia som «alle-menns-aktivitet» skulle tilseie.

Einar, ein 74 år gamal elgjeger frå ei lita grend høgt oppe i Nord-Østerdalen, kunne fortelje at han har felt fleire elgar dei siste 15 åra som elgjeger enn han gjorde dei fyrste 41 åra han jakta. Den fyrste elgen skaut han i 1949, han var då 18 år og hevdar at det då var:

... spesielt at det kom eit elgslakt til gards. Dei kom frå kvar gard kringom for å studere slaktet og kommentere kor godt det var treft.

I dag er det einast skadeskyting og anna uferde som lokkar folk frå bygda til å studere slaktet, fortel Einar vidare og hevdar at «då kjem dei for å sjå kvar villskotet råka».



Figur 1: Felte elg frå 1930 til 2005¹

Ser me på statistikken finn me at den stadfestar det Einar fortel. For det var fyrst mange år etter siste verdskrig at elgstamma verkeleg byrja å ta seg opp (sjå figur 1). Frå ei årleg felling på mellom 1 000 og 1 500 elg fram til etter siste krig, passerte fellingstala 10 000 fyrst på siste halvdel av 70-talet. I dag reknar me ei årleg felling på nærare 40 000. Frå slutten av 70-talet og fram til i dag har altså elgjakta gått frå å vere ein eksklusiv ressurs einast få fekk ta del i, til å verte sjølve folkejakta kring om i dei norske bygdene. Med så få elg som vart felt før siste halvdel av 70-talet er det ikkje løyve at bygdefolket vart forvitne når det kom elgslakt til gards.

Einar kan fortelje at dei på «hans vald», altså jaktfeltet han har jakta i sidan 1971, hadde løyve på 3 dyr fyrste året han kom der. Likevel vart det felt berre eitt dyr, ei elgku, det året. Til samanlikning felte dei 15 elg på same valdet hausten 2005. Me veit at nyhende sin verdi endrar seg omvendt proporsjonalt med frekvensen på hendinga. Den som skal sjå til kvart eit elgslakt som vert frakta til gards i dag rekk knapt å gjere anna om hausten.

Ein altomfattande kollektiv aktivitet

Dette tyder likevel ikkje at bygdesamfunnet som soleis er likegyldige til elgjakta. Røyndomen er, som eg skal vise, snarare tvert om.

Eg svinga inn framom det som ein gong hadde vore ein Mobil stasjon, men som no var omgjort til brukthandel med opningstid måndag og torsdag mellom 12 og 17. Eg hadde intervjuavtale med Ruth som på telefon hadde definerte seg sjølv som elgenkje:


Eg elsker elgjakta, til helga reiser eg og venninna mi til syden ei veke. Det har vi gjort kvart år under elgjakta sidan 1999.

Ruth sjølv er fyrst i 60 åra, og kom frå nabobygda og hit som 20 åring.

Det er over førti år sidan eg flytta oppi her og det virka på langt nær som den (elgjakta) var like viktig då, det var sjølv sagt snakk om den då også, men det kan sjå ut som om den har teke over alt oppi her dei siste tjue åra.

At små lokalsamfunn kan vere dominerte av elgjakta trudde eg sant å seie var langt meir ein myte enn realitet. Likevel kan det sjå ut som eg her har funne eit slikt lokalsamfunn. Denne vesle grenda ligg i utkanten av ei av dei kommunane som utmerkar seg som dei mørkaste felte i Statistisk Sentralbyrå (SSB) sitt kart over talet på menn over 16 år som jaktar (sjå figur 2).

Prosentandel av den mannlige befolkningen over 16 år som har jaktet i 2004/05, etter kommune



Figur 2: Prosentdel av den mannlege befolkninga over 16 år som deltok på jakt sesongen 2004/05²

Ifylgje statistikken skal meir enn 30 prosent av alle menn i kommunen ha vore på jakt sesongen 2004/05. Eg hadde likevel ei sterk kjensle av at prosenten var enno høgre her oppe i denne vesle utkantsgrenda.

Å, det er langt meir, sa Ruth lat oss telje over då.

Dermed gjekk Ruth gjennom kvar einaste husstand i grenda. Godt hjelpa av den lokale bygdeboka la ho for dagen ein imponerande kjennskap om kvar einskild av dei omlag 180 innbyggjarane i grenda med stort og smått. Ho viste nøyaktig kven som dreiv med elgjakt og for dei som jakta elg der i grenda viste ho endåtil kva jaktlag kvar av dei var med på.

Av totalt 87 menn i grenda mellom 18 og 88 år var 64 av dei elgjegegarar. 32 av dei var med på eit av dei 5 jaktlaga som høyrde til i grenda, 19 jegerar var med i jaktlag lengre sør i kommunen eller i ei av nabokommunane medan 13 jegerar reiste lengre vekk. Berre 23 menn mellom 18 og 88 år var ikkje med på elgjakta. I tillegg kunne Ruth fortelje at også 4 kvinner var med, mellom anna hennar eiga dotter. Det fortel oss at denne vesle bygda med knappe 180 innbyggjarar fostrar nær 70 elgjegegarar, derav fire kvinner. Seinare sjekka eg opplysingane frå Ruth med formannen i grunneigarlaget, han kunne stadfeste at Ruth hadde heilt rett med unnatak av at ho hadde plassert to av jegerane på feil jaktlag.

Tabell 1: Menn over 18 år busett i «Elgbygda», fordelt etter alder og elgjaktdeltaking

Aldersgrupper	Menn busett i grenda	Menn som jaktar elg	Menn i lokale jaktlag	Menn i jaktlag utanom grenda	Menn som ikkje jaktar
80 +	8	0	0	0	8
70 – 79	9	7	7	0	2
45 – 69	38	34	17	17	4
35 – 44	13	12	5	7	1
25 – 34	10	9	2	7	1
18 – 24	9	2	1	1	7
Totalt	87	64	32	32	23

Ruth fortalde vidare, noko både formannen i grunneigarlaget og eit styremedlem i det lokale skyttarlaget kunne stadfeste, at av dei 23 mannfolka som ikkje jakta elg var 10 over 70 år. Men ifylgje Ruth var fleire av desse tidlegare jegerar

som hadde slutta på grunn av alderdom. Fire andre var forhindra frå å delta som eit resultat av sviktande helse eller handikap. Uansett gjorde både Ruth og grunneigarlagsformannen eit poenget av at dei einast greidde å kome opp med sju menn, i det sjiktet dei omtala som den «eldre garde», som aldri hadde jakta elg. Også av dei yngre, altså dei mellom 18 og 25 år, trudde Ruth at det var til saman sju som ikkje var med på noko jaktlag.

Ein driv då med idrett, på landslaget eller slik ..., kan Ruth fortelje, ... i alle fall på høgt nivå, han har sikkert uansett nok med det.

Vidare spekulerte ho fole på kva grunn dei andre hadde. Også formannen i grunneigarlaget uttrykte undring for kvifor dei yngste ikkje var med på elgjakta, men han slo seg til ro med at:

Dei står truleg på vent ..., ingen av dei kjem direkte frå gard og då brukar ein gjerne å ha litt yngre for å kome med på eit jaktlag.

Styremedlemmen i skyttarlaget, på si side, var meir i tvil om det og meinte at han aldri hadde sett nokon av dei omtalde ungdomane på skytebana. Eg spurte han om han tykte det var løye at dei ikkje pleidde å vere på skytebana. Svaret kom noko nølande:

Ja ..., ... eller altså ... eg meiner dei er då unge friske gutar ... sant?

Han vart tydeleg ståande å grunne på kva det skulle ha seg. Det synest å eksistere ei normativ forventning om at menn skal jakte. Om nokon vel å ikkje gjere det vert det leita etter forklaringar på kvifor ein bryt med den stadeigne kollektive skikken. Det er ingen teikn på at det vert eksplisitt sanksjonert mot dei som ikkje deltek i jakta. Snarare er det ein del av bygdas kollektive danning der unge gutar vert oppmuntra og stimulerte i retning av jaktinteresse. I ei grend som dette, der omlag tre fjerdedelar av alle mannfolka i bygda er aktive elgje-gerar i tillegg til fire kvinner, ligg det ei forventning om at unge gutar skal vere interesserte i jakt.

Ein av mine informantar kunne fortelje at fleire av medlemmane på jaktlaget av og til pleidde å ta med sønene sine. Helst etter at sønene var konfirmert, men somtid også før. Sjølv hadde han fått spørsmål frå andre i jaktlaget om han ikkje hadde tenkt å ta med son sin på elgpost ein dag.

Vil du gjere det då? spør eg.

Eg trur ikkje eg har noko val, svarar han, ... om du vil at borna dine skal føle at dei høyrer til ber må du dyrke fram jaktinteressa ... for du er liksom ikkje ein del av dette samfunnet om du ikkje er med på eit jaktlag.

Ein forskar i elgbygda

Eg var, med andre ord, definitivt komen til Elgbygda. Det var torsdag 1. september 2005 og enno var det 25 dagar att til elgjakta. Året før hadde fire grunneigarar snakka fram på om å sjå nærare på inntektsmogleghetene som ligg i utmarka. Og i juni 2005 varsla dei at dei ville legge elgjakta ut for sal. Den skulle seljast «eksklusivt» til utanbygds jegerar, hadde eg fått høyre.

I bygda der «... elgjakta har teke over alt», for å sitere Ruth, hadde eg venta å finne sterk og høgrøysta motstand mot kommersialiseringa. Eg såg føre meg hissig innlegg i lokale og regionale aviser, ja eg frykta endå å finne opprivande bygdekranglar og sterke personlege feidar. I staden fann eg at motstanda vart uttrykt gjennom lågmælt prat over eit smalt stykke kjøpeswissroll på den lokale kafeen.

Eg hadde intervjuavtale med berre fem personar fyrste gong eg kom til bygda. Utover det tenkte eg å la dei andre informantane mine utpeike seg undervegs, tildes eg meinte å ha dei intervjuar eg trong. Kall det gjerne snøballmetoda, men sjølv vil eg helst samanlikne det med improvisasjon i jazzen. Det handlar om å vere lydhør overfor det som vert fortalt, og om å kunne ta seg turar ut i det sosiale bygderomet når den du intervjuar sender deg dit. Av og til, når situasjonen kravde det, tok eg også turen attende til dei eg hadde intervjuar før, for på den måten freiste å skape ein dynamikk i datamaterialet. Det fyrste intervjuet var alltid eit langt djupneintervju som let informanten reflektere relativt fritt kring tematikken elgjakt, bygdesamfunn, jaktutleige og gjestejegerar. Dei gongane eg kom att for oppfyljingsintervju var intervjuar langt meir konkrete og hadde gjerne heilt spesifikke spørsmål.

Når eg meinte å ha nok informasjon og intervjuar ikkje gav meg meir nytt, gjekk eg systematisk igjennom intervjuar eg hadde gjort for å vurdere om materialet mangla særskilde «typar» av informantar som var relevante for temaet. På basis av denne gjennomgangen henta eg inn ytterlegare to informantar. Til saman er dette arbeidet basert på intervju og gjentekne samtalar med i alt 17 personar i eitt og same grendesamfunn. Langt nær alle er sitert i teksta, men dei har like fullt vore med på å gi meg som forskar den tjukke forståinga av kompleksiteten i lokalsamfunnet.

Materialet vart innsamla over to periodar; fyrste gongen hausten 2005, andre gongen våren 2006 då eg var tilbake som observatør på eit møte med

grunneigarar og jegerar i eit av jaktfelta i grenda. I samband med det andre besøket hadde eg fleire samtalar og gjorde fleire intervju med personar eg hadde vitja fyrste gongen.

Elgbygda

Den vesle grenda med dei knappe 180 innbyggjarane ligg bortgøymt nord og aust for kommunesentrumet. Eit lite bustadfelt, som etter byggestilen å sjå stammar frå midten av 1970-talet, ligg vakkert og sørvendt til i ei skråning nord for det som kan kallast sentrum i grenda. Det er her du finn skulen, bedehuset samt den nedlagde bensinstasjonen og butikken som deler lokalet med kafeen. Elles er grenda spreitt busett med gardsbruk og enkle bustadhus om ein annan.

Dei fleste innbyggjarane her pendlar dagstøtt ut frå grenda på arbeid, anten i kommunesenteret eller i nabokommunen ein dryg halvtime vidare nord for grenda.

Tradisjonelt er det jord- og skogbruk som har utgjort basisen for næringsverksemd i grenda. Enno driv 10 av dei opphavlege 18 gardsbruka med husdyrproduksjon anten det er sau, mjølk eller storfekjøt. Skogbruk er eit vesentleg supplement til jordbruksinntekta, sjølv om skogarealet varierer mykje for dei forskjellige gardane. Den største grunneigaren i grenda, Ola, som viste seg å verte ein av hovudpersonane i denne forteljinga, har 19 000 mål skog derav om lag 10 000 sokalla produktiv skog, medan den minste skogeigaren set på knappe 2 500 mål. Dei fleste grunneigarane ligg nært opp til gjennomsnittstalet på 6 200 mål. Det samla arealet skog og utmark som høyrer til grenda, er noko over 100 000 mål. Dette utgjer fem elgjaktfelt med ei samla kvote på 47 elg (2005).

Å selje bygdekulturen

Eigentleg kan ein seie at elgjakta har vore praktisert som om den var eit fellesgode. Til tross for at alle formelle juridiske institusjonar tilseier at jaktretten fylgjer eigedomsretten, og dermed tilfell grunneigaren, har grunneigarane delt elgjakta villig vekk med resten av bygda. Dei har lete slekt, venner og bygdefolk elles få delta på elgjakta. Var du fyrst inne på eit jaktlag kunne du rekne det som sikkert at du også hadde tilgang året etter. Det var sett på som relativt enkelt å kome seg med på lokale jaktlag. Fleire av jaktlagsleiarane gav endå uttrykk for at dei kunne ha bruk for nokre fleire jegerar på laget, særleg av den sorten som var villige til å jakte sesongen ut. Når grunneigarane no prøver å fylgje land-

bruksmynde sine instruksar og signaliserer at dei ikkje lenger vil dele jaktretten med dei eigedomslause i lokalsamfunnet, er spørsmålet om dei uformelle institusjonane i bygdesamfunnet er samkøyrde med det formelle lovverket? Vil bygda tillate det, og eventuelt har bygda sanksjonsmakt nok til å stogge det?

Kjeppar i hjulet

Det var Ruth som fyrst informerte meg om at det ikkje kom til å verte store endringar i årets elgjakt. Sjølv om grunneigarane i Olafeltet hadde annonsert utleigejakt alt tidleg på året hadde planane enno ikkje realisert seg.

Ifylgje Ivar (ektemannen) er det visst dei same karane som skal jakte der (i Olafeltet) i år også, fortel Ruth og legg til at «grunneigarplanane sprakk visst innifrå ... eg trur det var Arnold som trekte seg».

Det sa seg sjølv at den neste eg laut oppsøke var Arnold. Den 53 år gamle jege- ren og grunneigaren såg på meg med mørke auge før han sa:

Dei kan ikkje berre stenge ute lokalbefolkninga og selje jakta til høgstbydande, ... det er ikkje slik vi brukar å gjere det oppi her.

Med «dei» refererte han til dei tre andre grunneigarane han deler jaktfeltet med og som lenge hadde snakka om å få til nokre inntekter frå elgjakta. Planen var at heile Olafeltet skulle seljast til høgstbydande til inntekt for grunneigarane. Det skulle vere eit reint utleigefelt der jaktlaget hadde eksklusiv jakt. Den langsiktige planen var, om dei fekk til dette, at fleire av dei andre jaktfelta i grenda ville kome etter og gjere det same. Då planen var lagt fram for grunneigarlaget vart den presentert som eit pilotprosjekt som resten av grunneigarane skulle kunne lære av.

På det stadiet var Arnold relativt positiv til det heile. Sjølv fortel han at «... for meg var ikkje det så ille, der og då, eg var eigentleg litt lei heile jakta».

Dermed såg det lenge ut til at Arnold, saman med dei tre andre grunneigarane i Olafeltet, var villig til å gå inn for forslaget.

Ein kaffi og eit kakestykke

Men innan ei veke var gått hadde altså Arnold skifta meining. Frå å ha vore positiv til kommersialiseringsplanen nekta han no å vere med på den. Han hadde nemleg blitt påspandert eit kakestykke på den lokale kafeen av ein nevø og ein kompis, som begge var fast på jaktlaget.

For å freiste å skaffe meg eit klårast mogleg bilete av kva som skjedde under samtala mellom dei tre, oppsøkte eg like godt dei to kompisane til Arnold. Me avtalte å møtast på kafeen.

Han (Arnold) er onkelen min, fortel Arve. Arve er 30 år og hevdar tilgangen til jakt er det einaste som held han att i bygda. Me var nok overraska ... det (forslaget om å leige ut elgjakta) kom som lyn frå skyfri himmel.

Vi trefte han (Arnold) ein dag og inviterte han like godt på kafé for ein prat, skyt Olav Jon inn før han held fram, «vi hadde ikkje vanskeleg for å bli einige».

Både Arve og Olav Jon høyrer til kategorien eigedomslause jegerar, i den forstand at dei ikkje er grunneigarar i utmarka og dermed heller ikkje held jaktrettar slik grunneigarar gjer. Til gjengjeld har dei baa to vore faste medlemmar av jaktlaget i Olafeltet i mange år. Sjølve jaktfeltet ligg til eigedomen der far til Arve ein gong hadde odel, ein odel han sa frå seg til fordel for sin yngre bror, altså vår mann Arnold. Verken Arve eller nokon andre sa det eksplisitt, men for meg synest det som om det var nett denne fråsagde odelen som låg i botnen som eit uuttalt argument for å få Arnold til å skifte meining i saka.

Då Arnold overtok garden var det ifylgje Arve ei semje mellom dei to brørne at far til Arve skulle få tilgang til elgjakta. Då faren døyde for nokre år tilbake, etter lengre tids sjukdom, er det mesta som Arve har oppfatta det som at han «ervde» denne retten. Det kan sjølvsagt ha med det å gjere at Arve har jakta på faren sin plass i jaktlaget i nærpå ti år. Det ser òg ut som at Arnold deler denne oppfatninga, i alle fall kan det synast slik når han overfor meg skal forklare kvifor han skifta meining.

Dei er ikkje meir enn ein generasjon frå gardsbruk nokon av dei (Arve og Olav Jon) og det vil vere urimelig å stenge dei ute.

Litt seinare held han fram:

Rett nok treng vi (bønder og skogeigarar) pengar, men det gjer då heile bygda ... ikkje minst treng bygda folk og dei folka må ha ein grunn til å bu her.

Lat oss forlate Arve og onkel Arnold for ei stund, og sjå litt på korleis elgjakta er organisert i grenda. Kva betalar dei lokale jegerane for å jakte og kva ligg til grunn for prispolitikken?

Organisering og prisar i elgbygda

Det er Ivar som lyt hjelpe meg å greie ut om prispolitikken på dei forskjellige jaktfelte i grenda. Ivar er gift med Ruth, elgenka som plar reise til syden når jakta startar. Han er det næraste me kjem ein profesjonell jeger i bygda. Seinhaustes er han innom dei fleste jaktfelte på «oppsopjakt» som han kallar dei siste vekenes innsats for å fylle kvotene. Det er få som har like god oversikt over kva som skjer i dei forskjellige jaktlaga enn nettopp Ivar.

Prisen som jaktlaga her betalar er mikroskopisk ... sjølv i allmenningane austafør oss betalar folk langt meir.

Når eg spør Ivar kva allmenningar han siktar til med «allmenningane austafør oss» tek han fram Engerdal statsallmenning som døme. Det er ein av landets rimelegaste allmenningar på elgjakt for lokalbefolkninga, eit jaktlag der betalar om lag 2 000 kroner i grunnavgift for kvar tildelt elg og ein kilopris på 58 kroner (2005 satsar). For kvar felte elg vert grunnavgifta trekt frå kiloprisen.

Samanliknar me med ordningane for dei fem jaktfelte i vår grend, syner det seg raskt at elgjakta på det næraste er gratis. Rett nok er det svært varierende korleis kvart jaktlag er organisert med tanke på pengar og betaling. Felles for alle dei fem jaktlaga er likevel at med kvart tildelte fellingsløyve følgjer ei fellingsavgift på mellom 200 og 500 kroner alt etter om det er kalv eller vakse dyr. Denne avgifta vert i sin heilskap dekt av grunneigarane som igjen krev beløpet attende frå jegerane på laget. Berre på eitt av laga betalar jegerane noko dei kallar ei «deltakaravgift», som i det tilfellet er på 500 kroner for kvar jeger. Deltakaravgifta går til å dekke utgiftene til mat og koi-eleige som laget har. Ingenting av deltakaravgifta går til grunneigarane.

Fyrst når elgen er skoten og kjøtet skal fordelast har grunneigarane høve til å ta inn litt pengar. På alle dei fem laga tilfell kjøtet grunneigarane, rett nok har to lag det slik at skyttaren får eitt lår av kvar elg dei feller. Elles er det vanleg at jegerane, då hovudsakleg ikkje-grunneigarane, kjøper kjøt av grunneigarane. Prisen ligg på om lag 50 kroner kiloen og i tillegg er det vanleg at grunneigarane sel kjøt til andre også, både innanbygds og utanbygds.

Lokal betalingsvilje

Eg oppsøker Arve og Olav Jon igjen for å spørje om det er gratisjakt dei krev. Men svaret er unisont, dei krev fyrst og fremst tilgang. Sjølsagt handlar det om

pris også, men dei aksepterar begge det dei omtalar som «fornuftige prisar». Om grunneigarane sel jakta på den opne marknaden vil det innebere at prisane kjem til å «skyte i veret», som dei uttrykker det.

Ved å gå litt djupare inn i kva dei legg i «fornuftige prisar», samanliknar dei prisane med det Statskog tek for elgjakta på sine eigedomar og set det som eit slags tak.

«Så lenge dei held prisane sånn cirka på det Statskog tek så er det greitt, vi er ikkje heilt blakk ser du (latter).»

Eg prøver å presse Arve på det med farens «rett» til jakt gjennom broren, men han avfeiar det med at så lenge prisen er «folkeleg» vil han ikkje protestere på det. Eg bestemmer meg for å oppsøke dei fire andre ikkje-grunneigarane i jaktlaget for å spørje dei nettopp om betalingsviljen. Det eg finn er heilt i tråd med Arve og Olav Jon. Så lenge prisane og prinsippet om prising ligg innanfor det som er vanleg for allmenningar og kommuneskogar kring om, aksepterer dei det. Det ser med andre ord ikkje ut som at ikkje-grunneigarane på jaktlaget vil sette seg imot å betale for elgjakta.

Men den endelege vissheita om det skulle me fyrst få våren 2006. Då inviterte nemleg grunneigarane alle jegerane til møte om framtida for Olafeltet. Medlemmane i jaktlaget fekk personlege brev i posten der dei vart bedne om å møte. Eg skal kome tilbake til dette møtet, men lat meg fyrst få fortelje litt om bygdefolket og deira oppfatningar om korleis elgjakt skal prisast.

Prising av opplevingar og det brukelege

Då Arnold sette seg imot dei tre andre grunneigarane i Olafeltet vart planane effektivt stogga. Sidan Arnold sin skogteig gjekk så godt som midt gjennom Olafeltet ville feltet verte umogeleg å jakte på om han ikkje vart med. Dei andre grunneigarane har heller ingen formelle maktmiddel dei kan bruke for å eventuelt tvinge Arnold til å føye seg. Om dei hadde hatt slike middel, er det likevel ikkje sikkert dei ville ha nytta dei.

For etter kvart som ordet gjekk på bygda fekk også Arnold eksplisitt støtte frå fleire andre grunneigarar i bygda. To av grunneigarane på nabofeltet hadde ifylgje handelsmannen ... kome med støtteerklæringar til Arnold. Slik handelsmannen sjølv hugsar det hadde dei hevda at Arnold hadde « ... berga bygdas respekt for grunneigarstanden». Men ifylgje Edvard, den eine av grunneigarane, hadde dei ikkje meint det nett so sterkt.

Klart at det må vere lov å tene pengar på elgjakta, men Ola gjekk for langt ... det er beint fram ikkje rettferdig ... det vi sa der (på kafeen) var berre at vi var samde med Arnold.

Då eg spør Edvard om korleis ein på ein rettferdig måte skal greie å tene pengar på elgen, får eg eit kontant svar:

Det er kjøtpriisen som må ligge til grunn, hevdar han. Slik prising av oppleving vil berre føre til at du tek jakta frå bygdefolket.

Slik Edvard forstår «prising av oppleving» går det på at grunneigarane skulle ta seg betalt for naturopplevinga som elgjakta gir og opplevinga av kameratskap mellom jegerane i jaktlaget.

Edvard si forståing av kva prising av oppleving tyder, er fullt på linje med rådande forbruksforskning og eksisterande kunnskap om det som gjerne vert kalla den post-moderne forbrukar. Denne forståinga pregar også dei fleste kurshefta og informasjonsmateriellet om opplevingsbasert reiseliv. Gjerne finn ein ei lang, lang liste med opplevingar som er nemnt å høyre til «vara» som grunneigaren, eller snarare «tilbydaren», leverer. I slike brosjyrar heiter det at «kunden» betalar for opplevinga og at dei «produkta» som han eller ho vil ha med seg heim skal «symbolisere» både kunden og sjølv opplevinga som kunden hadde. På den måten skal tilbydaren kunne ta seg enno betre betalt for sjølv produktet.

Eg tok med meg omgrepet «opplevingsprising», og forhøyrd meg kring om i bygda om korleis folk stilte seg til ein slik prispolitikk. Tilbakemeldinga var ikkje til å ta feil av. Opplevingsprising høyrer ikkje heime i Elgbygda!

Dei eldste var klårast imot det, nokre av dei stilte endå spørsmål om kven som skulle betale når opplevinga var dårleg? Altså når det sludda som verst og karane kranqla i jaktbua? Og sikta til det same som Einar, den 74 år gamle jeger veteranen, nemner når han trekker fram den gjensidige nytta mellom jeger og grunneigar som ifylgje han hadde lege i botnen for organiseringa av elgjakta i alle år.

Du må hugse på at elgen gjer stor skade på skogen ... vi er avhengige av å felle minst nitti prosent av kvota kvart år ... det kan vere litt av ein jobb det.

Det verka å vere full semje i grenda om at den einaste legitime prispolitikken i bygda var kjøtpriisen. Vektlegginga av kjøtpriisen ville, ifylgje den 53 år gamle mjølkebonden og revisoren Johannes, innebere eit:

... vern om jaktkulturen vår. (...) det vil sikre haustingsmotivet som det drivande motivet for elgjakta.

Vegen mot ei løysing – eit møte og nokre kompromiss

Den unisone støtta til Arnold frå andre grunneigarar som verserte i bygda, gjorde kjenneleg inntrykk på Ola. Ola var ikkje berre formann i grendas grunneigarlag og den som sat på den største utmarkseigedomen i grenda, men han var også den som åtte ideen om utleigejakt. Han fortel at dei alle fekk ein lærdom om si eiga bygd i løpet av denne saka:

...vi lærte mykje om kor viktig elgjakta var for bygda då det stod på.

Ola fortel vidare at

... vi forstod det var best å gjere om på planane ... vi hadde rett og slett forrekna oss ... vi, eller i alle fall eg, hadde ikkje budsjettert med at elgjakta var så heilag her oppe. Du kan sei det var naivt, men vi var vel litt yr av all blesten som liksom ... ja, låg i lufta på den tida.

Resultatet, altså ordninga slik den vart gjennomført hausten 2006, vart eit resultat av folk sine evner til å vere lydhøyr overfor det som skjer i bygda og på same tid folk sine evne til å inngå kompromiss. Rammene for den nye ordninga vart fastlagt på det tidlegare nemnde møtet mellom grunneigarane og jegerane, våren 2006.

Det var tydeleg å sjå at Ola og dei andre grunneigarane hadde lytta til bygda. Alt i innleiinga slo Ola fast at ingen av lagets jegerar skulle stengast ute frå elgjakta. Vidare la han til at:

... ingen av oss skal vere nøydd å betale for opplevinga.

Ola la vekt på behovet skog- og jordbruket hadde for inntektsauke. På ein skjemtefull måte synleggjorde han at dei i salen som skåra høgst på skattelista, neppe henta inntekta frå det som vaks på jorda. Innleiinga falt i god jord, den bar på ein var balanse mellom skjemt og alvor, og latteren sat lett hjå tilhøyrarane. Dermed brast det som eventuelt var av is mellom grunneigarane og dei eigedomslause, og det var duka for ein konstruktiv diskusjon om korleis jakta skulle organiserast.

Når dei eigedomslause jegerane vart lova tilgang viste det seg å vere på to vilkår. Det fyrste vilkåret var at dei laut vere villige til å godta «Engerdal-modellen» altså den same prismodellen som Ivar fortalde om tidlegare då han refererte til «allmenningane austafor oss». Mot ei grunnavgift på 2000 kroner for kvar elg som seinare vart trekt frå kiloprisen på 58 kroner, skulle jegerane få sleppe til på same måten som før. I tillegg vart det presisert at jegeren ikkje hadde kjøpeplikt, dermed var det mogleg for jegerar å jakte utan å måtte kjøpe kjøtet. I slike tilfeller tilfall kjøtet grunneigarluten som igjen vart delt mellom grunneigarane utifrå nærare fastsette reglar.

Utifrå dei opplysningane eg sat inne med etter mi runde kring om i grenda var det ikkje overraskande at dette vilkåret var relativt lett å akseptere for jegerane. For det fyrste var det klart innanfor ramma av det dei kalla ein «fornuftig pris». For det andre, var det tufta på ein prispolitikk som var knytt i hop med kjøtverdien. Dermed braut det ikkje med det lokale meiningsinnhaldet i elgjakta, altså matauken. Det truga ikkje den norske jaktkulturen, tvert om sikra det at haustingsmotivet framleis vart det drivande motivet for elgjakta.

Det andre vilkåret skapte meir debatt. Det inneheld kravet om at jaktlaget laut ta imot gjestejegerar. Det var ein tydelig skepsis til det å ha med seg «framandfolk» på jakt. Mange spørsmål dukka opp. Kunne ein stole på dei? Det var trass alt snakk om jakt og skarp ammunisjon. Og ikkje minst, ville det verte like triveleg i jaktbua? Etter to timar fram og tilbake vart det bestemt at dei skulle prøve eitt år fyrst, for å sjå korleis det fungerte.

Gjestejakta vart prisa med ein «inngangsbillett» på 3000 kroner per veke gjesten var med laget. I tillegg følgjer ein fastpris for kvar elg ein feller. Fyrste året, altså i 2006, var prisen 3000 kroner for kalv/ku/ungokse og 6000 kroner for vaksen elgokse. Om gjestejegerane ønskte å kjøpe kjøt, fekk dei det til 70 kroner kiloen.

Gjensidig respekt i det sosiale spelet

Jaktseasonen 2006 aggregerte Olafeltet 107 000 kroner. Då må det leggest til at kvar av grunneigarane som deltok på jaktlaget, betalte lik pris med dei lokale ikkje-grunneigarane for å jakte. Rett nok treng ikkje grunneigarane kjøpe kjøtet, då ei stort sett får nok gjennom grunneigarluten. Men ordninga er likevel viktig som eit symbol på ein slags likskap mellom grunneigar og ikkje-grunneigar.

Nett denne ideen om likskap og gjensidig respekt mellom grunneigar og ikkje-grunneigar kan sjå ut til å ha vore viktig i denne bygda frå langt tilbake. Sjølv gamle Edvard trakk fram dette då han hevda at: «Slikt gjer ein berre ikkje oppi her, for her er det liksom ikkje forskjell på om ein eig jord eller ikkje».

Lat meg få avslutte denne forteljinga med nettopp «Jegerveteran» Edvard, og særleg vil eg be lesaren rette merksemda mot den fyrste delen av utsegna over, altså: «*Slikt gjer ein berre ikkje oppi ber ...*». Her er me ved kjernen av det denne historia fortel oss. Det handlar rett og slett om kva som er brukeleg og ikkje i lokalsamfunnet. Kall det eit slags sett av lokale skikk og bruk reglar om du vil. For uansett kor mange landbruks- og matministrar som held festtalar om utvikling av utmarksnæringar, og uansett kor sterkt jaktretten er forankra i både eigedomsretten og viltlova, må grunneigaren likevel ta omsyn til dei sosiale reglane i bygda.

Dette betyr ikkje at grunneigarane er låst av eit brautande bygdedyr som set seg imot alle tilløp til endring i bygda. Det uformelle overvakings- og sanksjoneringssystemet vil ligge der i overflata og vakte på at endringane skjer i overeinsstemming med den stadeigne kollektive moral. Dei uformelle institusjonane, delvis styrka av eit eigedomssystem som set einskildgrunneigarar i stand til å trenere heile prosessen, sikrar ei sosialt rettferdig utvikling av elgjakta kring om i norske skogs og fjellbygder. Dei nære og uformelle banda mellom folk, typisk for tette transparente bygdesamfunn, skapar låg terskel for kommunikasjon og høg terskel for brot på dei lokalt definerte sosiale spelereglane.

Det sokalla bygdedyret vil bremse på farta i kommersialiseringa av elgjakta, det vil sikre at bygdesamfunna rekk å tilpasse seg utviklinga. Så lenge bygdesamfunnet treng elgjakta både sosialt og kulturelt, vil elgjaktas status verte hegna om som ein lokalt forankra folkeleg aktivitet.

Notar

1. Kjelde: SSB, <http://www.ssb.no/histstat/tabeller/14-14-29.txt>
2. Kjelde: SSB: <http://www.ssb.no/emner/10/04/10/jaja/>

Referansar

- Aftenposten. (29.11.2004). Skogeierne vil selge elgjakta til rikinger. *Einar Haakaas*.
- Reiselivsbedriftenes Landsforening, & Norges Skogeierforbund. (2004). Forprosjekt om Utvikling av utmarksbaserte reiselivsbedrifter – markesmuligheter, mål, strategier og forslag til verdikjedeprogram. Oslo: Reiselivsbedriftenes Landsforening og Norges Skogeierforbund.
- St. meld. nr. 17. (1998–1999). Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren: Landbruksdepartementet.
- St. meld. nr. 19. (1999–2000). Om norsk landbruk og matproduksjon: Landbruksdepartementet.

